

Sveio kommune

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|--------|---------------|
| Behandling | Møtedato | Saksnr | Saksbehandler |
| Hovudutval teknisk/næring | 31.05.2010 | 025/10 | ASALE |
| Kommunestyret | 21.06.2010 | 036/10 | ASALE |
| Hovudutval teknisk/næring | 15.11.2010 | 062/10 | ASALE |
| Hovudutval teknisk/næring | 20.06.2011 | | ASALE |
| Hovudutval teknisk/næring | 20.06.2011 | 042/11 | ASALE |
| Hovudutval teknisk/næring | 19.09.2011 | 055/11 | ASALE |
| Kommunestyret | 03.10.2011 | | ASALE |

| | | |
|---|---|-----------------------------|
| Avgjerd av: Saksansv.: Åse Aleheim | Arkiv: N-101.3 Objekt: | Arkivsaknr 10/185 |
|---|---|-----------------------------|

KOMMUNEPLAN FOR SVEIO KOMMUNE 2011 - 2023

Rådmannen 10.06.2011

Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|---|--|
| 6 | U | 22.02.2008 | Planutvalet i Sveio | OPPNEMNING AV ADMINISTRATIV ARBEIDSGRUPPE |
| 8 | U | 18.04.2008 | Fleire adressat; Bergvesenet; Fiskeridirektoratet - Region Vest; Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Hordaland; Kystverket Vest; Statens vegvesen - Region Vest; Bergen Sjøfartsmuseum; Karmsund Havnevesen; Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd; | MELDING OM OPPSTART AV RULLERING AV KOMMUNEPLAN FOR SVEIO KOMMUNE FOR PERIODEN 2009-2021 OG UTLEGGING AV FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN |

| | | | | |
|----|---|------------|---|--|
| | | | Bømlo kommune; Haugesund kommune; Hordaland fylkeskommune; Hordaland fylkeskommune; Stord kommune; Tysvær kommune; Vindafjord kommune | |
| 10 | U | 06.06.2008 | Til medlemmene i Planutvalet | RULLERING AV KOMMUNEPLANEN - FORSLAG TIL PLANPROGRAM |
| 34 | U | 14.01.2010 | Svein Magnus Tveit; Vibeke Haugland; Bjarne Aksnes Martinsen; Kristian Råsberg; Åse Aleheim; Bjørn Gilje; Mikal Møller Hovda; Geir Ragnhildstveit; Solfrid Lier Habbestad | VIDARE ARBEID MED RULLERING AV KOMMUNEPLANEN FOR SVEIO KOMMUNE |
| 35 | I | 31.03.2010 | Manglar avsender (pol. ref. gruppe) | KOMMENTAR TIL KARTFORSLAG TIL KOMMUNEPLAN |
| 36 | U | 23.04.2010 | Til medlemmar av styringsgruppa for kommuneplanarbeidet - HTN | VURDERING AV NYTT FORSLAG TIL KOMMUNEPLANKART ETTER UTFØRT KONSEKVENSGREIING |
| 39 | U | 19.05.2010 | Åse Aleheim | KOMMUNEPLAN - LØYPEMELDING NR. 2, MAI 2010 |
| 40 | U | 01.06.2010 | Norconsult AS; COWI AS; GØTZ AS; Omega AS; Akvator AS; Rambøll | TILBOD PÅ ARBEID MED DIGITALISERING AV KOMMUNEPLAN |
| 41 | I | 03.06.2010 | Sonnenberg Peter | VEDR. FORESPØRSEL OM DIGITALISERING AV KOMMUNEPLAN |
| 42 | U | 03.06.2010 | Norconsult AS | SV: VEDR. FORESPØRSEL OM DIGITALISERING AV KOMMUNEPLAN |
| 44 | I | 10.06.2010 | Akvator AS | VEDK. DIGITALISERING AV KOMMUNEPLANEN |
| 43 | X | 13.06.2010 | Plan- og næringsavdelinga | ANBUDDSPROTOKOLL - DIGITALISERING AV KOMMUNEPLANKART 2010 |
| 45 | U | 16.06.2010 | Akvator AS; COWI AS; GØTZ AS; Norconsult AS; Rambøll | VEDKOMANDE TILBOD PÅ DIGITALISERING AV KOMMUNEPLANKART FOR SVEIO KOMMUNE |
| 46 | U | 16.06.2010 | Omega IAT | VEDKOMANDE TILBOD PÅ DIGITALISERING AV KOMMUNEPLANKART FOR SVEIO KOMMUNE |
| 48 | U | 23.06.2010 | Rambøll Mapping | VEDK DIGITALISERING AV KOMMUNEPLANKARTET FOR SVEIO KOMMUNE |
| 47 | I | 23.06.2010 | Rambøll Mapping v/Øystein Halvorsen | OPPLYSNINGSPLIKTEN |
| 49 | U | 08.07.2010 | Omega IAT AS | OVERSENDING AV REGULERINGSPLANAR TIL DIGITALISERING |
| 50 | I | 23.08.2010 | Ingerid Bjørkevoll | SV: AKVAKULTUR I SVEIO KOMMUNE |
| 51 | U | 27.08.2010 | Til medlemmar av styringsgruppa for kommuneplanarbeidet - HTN | INNKALLING TIL MØTE I STYRINGSGRUPPA FOR KOMMUNEPLANARBEIDET |

| | | | | |
|----|---|------------|---|--|
| 54 | U | 11.10.2010 | Til medlemmar av styringsgruppa for kommuneplanarbeidet - HTN | INNKALLING TIL MØTE I STYRINGSGRUPPA FOR KOMMUNEPLANEN - 26.10.2010 |
| 55 | U | 18.10.2010 | Thomas J. Brekke; Arne Haugland; Edel Lokna | VEDK. PLANARBEID FOR KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023 |
| 57 | N | 26.10.2010 | Styringsgruppa | REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA - 26.10.10 |
| 56 | I | 26.10.2010 | Olav Bergmål | UTTALE OM KOMMUNEPLANEN FRÅ BARNEREPRESENTANTEN |
| 61 | I | 16.11.2010 | Kjetil Selland | PLANKART TIL HØYRING |
| 63 | U | 18.11.2010 | 67 mottakere... | KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023 - OFFENTLEG ETTERSYN |
| 62 | U | 22.11.2010 | Hordaland fylkeskommune; Hordaland fylkeskommune; Fiskeridirektoratet; Fylkesmannen i Hordaland; Kystverket; Statens vegvesen; Telenor Networks; Karmsund Havnevesen; Haugaland Kraft | KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023 |
| 60 | U | 22.11.2010 | Fylkesmannen i Hordaland | KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023 - OFFENTLEG ETTERSYN |
| 64 | I | 23.11.2010 | Kjetil Selland | KOMMUNEPLANKART FOR HEIMESIDA TIL OFF. ETTERSYN |
| 66 | I | 04.01.2011 | Omega IAT | OPPGJER FOR DIGITALISERING AV PLANKART FOR AREALDELEN TIL SVEIO KOMMUNE SIN KOMMUNEPLAN - FRAMLEGG TIL OPPGJER |
| 67 | U | 19.01.2011 | Bårvåg velforening | KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2011 - 2023 - OFFENTLEG ETTERSYN |
| 68 | U | 02.03.2011 | Omega IAT AS | VEDK. DIGITALISERING AV KOMMUNEPLANKART |
| 70 | U | 04.04.2011 | Håkon Skimmeland; Anfinn Økland; Edel Lokna; Arne Haugland; Synnøve Halleland; Vibeke Enerstvedt; Marit A. Vognild | FOR STYRINGSGRUPPA TIL KOMMUNEPLAN VEDK. PLANARBEID |
| 76 | U | 30.06.2011 | fmho@postmottak.no, | KOMMUNEPLANFORSLAG FOR SVEIO KOMMUNE TIL OFFENTLEG ETTERSYN |
| 75 | U | 30.06.2011 | 63 mottakere... | KOMMUNEPLAN FOR SVEIO KOMMUNE 2011 - 2023 - REVIDERT FORSLAG TIL HØYRING |

Prenta/uprenta vedlegg: (Sendt pr. e-post til faste medlemmer i HTN)

Forslag til

- Samfunndel
- Planskildring
- Kommuneplankart
- Føresegner
- Konsekvensutgreiing
- ROS-analyse, vedlegg

- Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland
- Uttale frå Hordaland Fylkeskommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Plan- og bygningslova
- Kommuneplan for Sveio kommune 2003-2015

Saksorientering:

Hovudutval teknisk/næring hadde forslag til ny kommuneplan for Sveio til vurdering for å leggja ut til offentleg ettersyn i møte 15.11.2010 i sak HTN-062/10. Planen vart då samrøystes vedteken lagd ut til offentleg ettersyn.

Sitat frå vurderinga i sakframlegget til møtet:

Kommuneplanprosessen har medført at arbeidet blei meir ein ny plan, enn ein enkel rullering av eksisterande plan. Likevel ligg gjeldande kommuneplan i grunnen og ein har teke utgangspunkt i denne i heile prosessen.

Arbeidet med samfunnsdelen tok i stor utstrekning utgangspunkt i politiske føringar gjennom planprogrammet, brukarundersøking, folkemøter og anna medverknad. Arealdelen har følgd opp intensjonane i samfunnsdelen og dei politiske føringane, samstundes som den viser ein arealutnytting der det er teke stilling til så vel utviklingspotensiale i kommunen som verneinteresser for mellom anna friluftsliv, landbruk og kulturminner.

Arbeidet med plankartet starta med å vurdere kva interesser som bør vernast med omsynssoner, før ein tok til å vurdere nye byggjeområder. Desse områder er på lik line med dei nye arealføremåla konsekvensutgreia for å vise kvifor områda vert lagt ut som omsynssoner.

Planen har gjennomgått ein omfattande prosess med medverknad, samråd og oppfølging av så vel nasjonale som regionale mål og politiske føringar. Rådmannen viser til planskildringa og rår til at framlegg til kommuneplan med konsekvensutgreiing vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Planen låg ute til offentleg ettersyn frå 18.11.2010 - 31.01.2011 etter at høyringsperioden vart utvida noko. Det kom inn mange uttalar og merknadar og nokre nye innspel. Desse vart vurderte individuelt og også sett i samanheng med kvarandre.

Med utgangspunkt i dei overordna retningslinjer som kommuneplanen er utarbeida etter, vart dei merknadar som ikkje ville vera i samsvar med retningslina teke ut før vidare vurdering. Det gjaldt også nye innspel til kommuneplanarbeidet. Alle uttalar vart sett i ein liste med oversikt over kva gards- og bruksnummer dei gjaldt. Desse vart presenterte for den politiske styringsgruppa saman med dei merknadar og motsegn som kom frå dei offentlege uttaleinstansane og andre interessegrupper.

Nokre av forslaga til endringar i marknadane som var i samsvar med retningslinjene for planarbeidet vart teke med vidare i planarbeidet. Plankart, føresegner, konsekvensutgreiing med ROS-analyse og samfunnsdelen har vore føremål for mindre omfattande endringar.

OVERSYN OVER INNKOMNE MERKNADAR OG MOTSEGN

Det har kome inn ca 300 merknadar, uttalar og innspel etter at planen vart lagd ut til offentleg ettersyn. Når det gjeld dei private merknadane har vi ikkje referert til dei her, men dei vert vist i ein innspelsliste som ved offentleg ettersyn vert tilgjengeleg for allmennheita. Her ligg korte kommentarar til kvifor ein merknad vert teke til følge eller kvifor det ikkje vert teke med i planen.

Når det gjeld uttalar for offentlege uttaleinstansar og interesseorganisasjonar så har det kome ein del merknadar. Nokre har vore gode argumenter og kommunen har teke fleire til følge i det vidare planarbeidet. Alle merknadar er ikkje kommenterte i dette saksframlegg men dersom det er gjennomført endringar vil dette vise i plandokumenta.

Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune har kome med kvar sin uttale og diverse motsegn i saka. Desse vert ikkje refererte til i saksframlegget men ligg som vedlegg i saka.

Bergens sjøfartsmuseum:

Det vert vist til at planområdet, Sveio kommune, utgjør prioritert marinarkeologisk område, som betyr at dei generelt vurderar potensialet for automatisk freda eller verna kulturminne i sjø som større enn i andre områder. I Bømlafjorden har det vore hamnar som blei nytta langt tilbake i tid, og i Mølstrevågen var det ein handels- og gjestgjevarstad frå slutten av 1600-talet. Området ved Tjernagel er nemnt i Snorres kongesaga som ei god hamn og her var det også skysstasjon frå 1700-talet. Ved Økland er ein kjent floristberetningar, samt at et har vore ein ankringsplass her. I Valevåg har det vore ein handels- og gjestgjevarstad frå 1600-talet.

Bergens sjøfartsmuseum vurderar ei konsekvensutgreiing med tanke på marine kulturminner for alle kommunes utbyggingsområde i sjø som ein uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør ikkje vera ein del av den prosessen som planleggjast gjennom kommuneplanen. På grunn av planområdet sitt store omfang føretrekk Sjøfartsmuseet at tiltak vert førelagde dei på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil truleg planane og vera meir konkrete i utforming og omfang.

Bergen Sjøfartsmuseum oppmodar Sveio kommune om følgjande:

- Å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har ein klausul i kommuneplanen sine føresegnar om at dei skal utgreiast med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.
- Å sørge for at kommeplanens føresenger har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.

Direktoratet for mineralforvaltning:

Direktoratet registrerar at det er sett av 7 område for råstoffutvinning på plankartet og at det er lagt til rette for utviding for 3 av områda. Dette ser dei som positivt. Dei viser til at det vert sett krav til reguleringsplan for nye og utviding av eksisterande masseuttak i føresegnene og

dei viser vidare til at dette er i tråd med vanleg praksis andre stader i landet og heilt naudsynt dersom der offentlege skal ha moglegheit til å kontrollere drifta i masseuttaka.

Det visast vidare til den korte skildringa av minerallova i retningslinene og her bør det kanskje og nemnast at alle som driv uttak av mineralske ressursar med eit samla uttak på meir enn 10 000 m³ og eitkvart uttak av naturstein, skal ha driftskonsesjon etter minerallova innan utgangen av 2014. Unntatt frå kravet om driftskonsesjon er dei som har ervervskonsesjon med driftsvilkår frå før minerallova trådde i kraft.

Vidare gjør ein merksam på at steinbrot, gruver og masseuttak med tilhøyrande knuseverk og sorteringsanlegg er unntatt frå byggjesakshandsaming etter § 4-3 bokstav f i revidert forskrift om byggjesak som trådde i kraft 01.07.2010. Dette gjeld uttak som er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og som er gjeve konsesjon etter reglane i minerallova.

Karmsund Havnevesen:

Karmsund Havnevesen har ut frå ein hamne- og farvassmessig vurdering ingen merknadar til planen.

Fiskeridirektoratet, Region Vest 13.01.2011

Akvakultur:

Det er i arealdelen til kommuneplanen tilstrekkeleg lagt til rette for akvakultur med unntak av eit område, FFNFA_ 15 (Hillersvik) må utvidast mot sør for å gje plass til fortøyingane slik dei ligg i dag (sjå skisse).

Fiske:

- Registrert låssetjingsplass med 1. prioritet i Austvika i Førdespollen er ikkje med i arealdelen, den må vera med, sjå kart.
- Gytedefelt i Ålfjorden – Sundfjørågen manglar i planforslaget, sjå kart.
- I føresegn 6.1.9 står det at fiske ikkje må vere til hinder for allmenn ferdsle. Med dei unntak som nemnast i sjøvegsreglane skal andre fartøy holde av vegen for eit fartøy som held på med fiske. Fiske skal såleis ikkje vike for andre fartøy enn dei som det er unntak for i sjøvegsreglane. Uttrykket allmenn ferdsle vert difor etter Fiskeridirektoratet Region Vest si meining eit for vidt uttrykk å bruke i denne samanhengen. Ein ber om at dette vert endra.

Teiknforklaringar

I teiknforklaringa manglar nokre arealføremål for bruk og vern av sjø og vassdrag. Det gjeld Fiske – trålfelt og Fiske – gyteområde, samt Fiske (fiskeområde).

Kommentar frå kommunen:

Det er klare signaler frå styringsgruppa om at det ikkje skal opnast utviding av Hillersvik-området. Teiknforklaringa vert endra og låssetjingsplass i Austvika vert teke inn i planen.

Kystverket Vest, 06.01.2011

Kystverket er tilfreds med at det er teke omsyn til deira uttale av 16.05.2008, ved uttale til oppstart av kommuneplanen. Sidan då er det kome endringar på enkelte farleier innafor kommunen sine grenser. Ein ber difor kommunen om å oppdatera farleiregistreringane i samsvar med vedlagte kartutsnitt. Utover dette har Kystverket ingen merknadar til planforslaget.

Sveio kommune v/ K.Råsberg

Omsynssone H720_7 er ikkje ein eksakt gjengivelse av naturreservatet, særleg i søraust er det skravert utover dei faktiske grensene til reservatet.

Kommentar frå kommunen:

Arealet vert endra i samsvar med gjeldande kommuneplan

Sveio kommune v/Kulturavd.

Valenheimen bør stå med regional verdi, som ein av dei 5 komponistheimane i Hordaland

Nordre Mølstre/Bentahuset: Her bør omsynssona omfatta heile kulturmiljøet med to tun og bedehus. Heilskapen i miljøet er noko av det som gjer området spesielt verneverdig.

Sjøhuset i Buavåg er ikkje med i oversikten sjølv om det er eitt av dei mest verdifulle kulturminna me har i kommunen. Det har truleg regional eller kanskje nasjonal verneverdi, sidan kystkulturen har høg prioritet hos Riskantikvaren for tida etter å ha vore eit forsømt område gjennom lang tid og det er forholdsvis lite att av denne type kulturminne.

Det bør koma fram at oversikten ikkje er laga ut frå nokon fullstendig kartlegging av verneverdige kulturminne/miljø og at det er behov for ein slik gjennomgang. Ut frå det som står øvst i tabellen kan det sjå ut som det er gjort ei slik kartlegging.

SKL, 13.01.2011

SKL viser til ein 300kV line frå Valevåg sørover til Vigdalsvatn og vidare inn i Tysvær kommune. Det vert vist til at lina visast i kommuneplankartet med ein byggjeforbodssone på vel 10 m. på kvar sida av ytterfasene. SKL rekkommenderar minst 20 m. på kvar sida av ytterfasene.

Kommentar frå kommunen:

Omsynssone vert utvida.

Sveio bondelag og Hordaland Bondelag 17.01.2011

Ein ønskjer lagt inn under § 2.2 "Generelle føresegner":

"Dyrka og dyrkbar jord skal i all hovudsak vernast. Der dette ikkje er mogleg, skal matjordlaget takast vare på og utbyggar skal sikre nydyrking tilsvarande det dobbelte av nedbygd jordbruksareal. Utbyggar skal dekke utgiftene ved nydyrking."

Det vert vist til at regjeringas målsetting var at årleg omdisponering av dyrka mark skulle halverast innan 2010, men dette målet er ikkje nådd. Det er trong for auka matproduksjon i Noreg, difor må vi tak vare på den matjorda vi har. Dette ansvaret er lagt til kommunane..

Ved å ta inn punktet om over, får ein fram den reelle kostnaden med å byggje ned dyrka mark. Grunneigar får delvis kompensert for at nydyrka jord ikkje har like godt produksjonspotensial som levande kulturjord, samt at arealet kan ha ein mindre gunstig plassering.

Ein ønskjer også lagt inn eit punkt om at ”dersom det oppstår skader på dyrka mark grunna utbyggign, er dette utbygger sitt ansvar”. Det kan vere endra bekkefar, bekke lagt i røyr, grøftking osv. der arbeidet ikkje er gjort skikkeleg og det i ettertid oppstår skade på grunneigar sin eigedom.

Vidare meiner ein at det bør vera same reglar for strandlina langs sjøen som langs vassdrag når det gjeld mindre landbruksrelaterte inngrep. Under punkt 6.1.1 om byggjeforbod i LNF-område inntil 100 m. frå strandlinga vil ein difor ha ein liknande tekst som i punkt 5.1.6 om 100 m. beltet langs sjøen:

”Naudsynte bygningar og mindre inngrep i 100-metersbeltet langs vassdrag med sikte på landbruk må tillatast. Dette omfattar òg landbruksvegar og nydyrking. Slike tiltak skal utførast varsamt og i samsvar med feller føresegner for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (jf. pbl. 11-11 nr. 4)

Forsvarsbygg 17.01.2011

Forsvarsbygg viser til tidlegare uttale om at skytebanen på Tittelsnes var stengt pga. tryggleiksmanglar og at Forsvarets framtidige aktivitet var uavklara. No har ein avklara at Forsvaret sin aktivitet skal vidareførast og det vurderast moglegheiter for å gjenopna skytebaner. Det er difor sær viktig at det ikkje vert lagt avgrensingar på Forsvaret sin utnytting av Tittelsnes leir.

Ein viser til at området bør visast med føremål Forsvaret og ikkje offentleg område.

Kommentar frå kommunen:

Føremålet Forsvaret vert lagd inn.

Fiskarlaget Vest, 20.01.2011

Ein føreset at tidlegare registrerte kaste-/låssetjingsplassar, fiskeområde, gyteplassar o.l. vert teke med. Ein ber òg om at det vert vist i kommuneplanen kva område eit akvakulturanlegg verkeleg legg beslag på, dvs. inkl. ankerområde.

Kommentar frå kommunen:

Utgangspunktet for FFNFA-areala rundt akvakulturanlegga er at dei skal også omfatta ankerområde. Dette er tilfelle i alle områder med unntak for Hillersvik, der noko ankeranlegg i sørleg retning vert liggjande utanfor føremålet.

Sveio kommune, varabrannsjef, Kjetil Staveland, 31.01.2011

1. Kjetil saknar litt omsyn til samfunnsberedskap. Det visast til døme utarbeida av Fylkesmannen i Troms
2. ROS—matriser for Kvalvåg er tomme
3. Økonomiske akseptkriterier som ligg i ROS-analyse er ikkje i samsvar med akseptkriterier som rådmann og kommunestyret har satt for arbeidet med overordna ROS-analyse for kommunen.

Kommentar frå kommunen:

ROS-analysen vert endra med nye akseptkriteria

Staten vegvesen, Region Vest, 31.01.2011

Det vert vist til at Staten vegvesen skal som høyringspart hjelpa med fokus på samordna areal- og transportplanlegging. Ein viser vidare til at kommuneplan i avgrensa grad legg opp til sentralisering av utbyggingsområde, men har i staden spreidd større og mindre område for bustad, næring og offentlege områder langs fylkes, riks og europaveg i heile kommunen.

Oppsummering av Statens vegvesen si uttale:

Spreidd utbygging som vist i kommuneplanen er i utgangspunktet ikkje ønskeleg, men byggjeområde er i all hovudsak etablerte områder og kan delvis forsvarast i eit regional perspektiv.

Sveio oppmodast om å intensivere arbeidet med å planlegge for demping av bilbruk og auke i kollektivreiser og reiser med sykkel eller gåande.

Nye traséar bør først skildrast i føresegner og berre visast i plankartet der det er sannsynleg at vegen vil verta plassert.

I kommuneplanen sine føresegner bør det vise til rammeplan for avkøyrslar og kommunen si trafikkisikringsplan.

Omsynssonar for støy må innarbeidast i plankartet.

Kommentar frå kommunen:

Støysonekart vert liggjande som vedlegg til arealdelen og ikkje i plankartet for å unngå for ”rotete” plankart som vert vanskeleg å tyda. I forvaltninga og ved handsaming av planar og tiltak vert desse støysonekart teke inn i lag med grunnkart/andre kart for å visualisera kor desse støysoner ligg.

Sveio bonde- og småbrukarlag, innstempla 31.01.2011

Ein viser til felles føresegner for LNF og meiner at det tek tilbørleg omsyn til bønder og landbruksinteresser, under føresetnad at Fylkesmannen godkjenn forslaget.

Når det gjeld samfunndelen del 2 om offensiv næringsutvikling under punkt 2 om satsing på elevbedrifter, næringsutvikling ved golfbanen m.v. meiner ein at det vil vera naturleg at kommunen signaliserar vilje til å satse på/støtte opp om landbruksnæringa, med tilleggstilbod som mellom anna ”Inn på tunet”.

Ein viser til del 3 av samfunnsdelen om areal, utvikling og miljø, punkt 9. Ein viser til at jordbruket/jordbruksareala i kommunen er så spreidde at det er vanskeleg, nærmast ikkje mogleg å definera nokre kjerneområder for landbruk. Sveio bonde- og småbrukarlag meiner det er viktig å verne alt jordbruksareal i kommunen.

Kommentar frå kommunen:

Landbruksareal er verna gjennom LNF-føremålet og i føresegnene til LNF-område med føresegner om spreidd bustadbygging.

Viltneemnda, Sveio kommune, 10.03.2011

Uttalen byggjer på Naturmangfaldlova. Ein viser til at planarbeidet er godt gjennomarbeida og at det er lagt stor vekt på å ivareta naturmangfaldet på ein god måte.

Det vert vist til kommunen si kartlegging ”Viltet i Sveio” i 2007 og at det er eit godt dokument å bruka som god rettesnor i kommuneplanarbeidet.

Ein har likevel merknad til det planlagde området for energiproduksjon ved Hovda/Nordskog. Hjortestamma er flink til å tilpassa seg nye leveområde og har vakse seg større dei seinare åra i området Skogen har vakse seg til på Nordskog og Grimstveit og det er spreidd busetnad, noko som gjev gode vilkår for hjorten og den vert lite uroa. Ved stor utbygging av ny infrastruktur med vegar, leidningsnett m.v. er ein redd for at storviltet vert skalelidande.

I tillegg er det registrert hubro i området. Dette er ein sterk truga fugleart som er raudlista. Trugsmål for hubroen er m.a. kraftliner og utbygging i deira leveområde.

Viltforvaltninga i Sveio kommune støttar opp om Fylkesmannen si motsegn til dette område.

Kommentar frå kommunen:

Forslagstillar har fått i oppgåve å utgreia området med hovudfokus naturmangfald, i samsvar med uttale frå Fylkesmannen.

Vurdering:

Overordna mynde har som oppgåve å vurdere planforslaget med omsyn til diverse allmenne interesser. Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland kom med motsegn i fleire punkt til planforslaget og dersom det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan kommunen ikkje eigengodkjenna planen før motsegn er trekt. De to instansane har vore i møte med administrasjonen og politikar og det har vore synfaring i interessante vurderingsområder.

Hordaland Fylkeskommune trakk sine 5 motsegn etter møtet. Eit av punkta for å trekkja motsegn var at spesifisert vilkår om vern av kulturminne vart oppfylt.

Fylkesmannen i Hordaland la fram fleire motsegn i saka men også her har fleire av motsegna vore trekte under føresetnad at ein gjennomfører diverse avgrensingar og korrigeringar i planen. Dei fleste seier seg kommunen villig til å justera og endra på. No ligg eitt motsegn igjen, som går på storleik og høgde på naust.

Sveio kommune ønskjer no å leggja planen ut til ny offentleg ettersyn. Dette på bakgrunn av at dei endringar som er gjennomførte har slik karakter at nokre vil endra arealføremåla i ulike områder. Utgangspunktet må vera å koma med merknadar til dei endringar som no er gjennomførte og ikkje til dei som ein allereie har hatt høve til å uttala seg om.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, vert nytt framlegg til Kommuneplan for Sveio 2011 – 2023 lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Frist for å koma med merknader til planen vert sett til 28. august 2011.

20.06.2011 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING

Åse Aleheim orienterte kort om dei justeringane som er gjort i plankartet etter at planen låg ute til første gongs offentleg ettersyn. HTN blei vidare gjort kjende med endringar gjort i føresegnene til arealdelen i kommuneplanen, rev. 10.06.2011.

HTN-042/11 VEDTAK:

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

Nye opplysingar i saka

Rådmannen 05.09.2011

Saksutgreiing:

Forslag til kommuneplan for Sveio kommune har vore utlagt til offentleg ettersyn for andre gong i tida 30.06.2011 – 28.08.2011. Saka har vore sendt til aktuelle høyringsinstansar for uttale og diverse interesseorganisasjonar og foreiningar har fått varsel om at forslaget ligg tilgjengeleg på kommunen si heimesida for vurdering. Ny høyringsrunde har også annonserast i Vestavind og Haugesunds Avis.

Då endringane i planforslaget har vore sær avgrrensa etter at den låg ute til offentleg ettersyn førre gong og kommunen bad om at det er endringana som skal vurderast har det ikkje vore mange nye merknadar. Endringane har i utgangspunktet vore heilt kurante og ikkje medført store endringar i arealbruken.

OVERSYN OVER INKOMNE MERKANDAR/UTTALAR

Offentlege

Direktoratet for mineralforvaltning 04.07.2011

Ein har ikkje merknadar til det reviderte planforslaget.

SKL Nett AS, 08.08.2011

Ein viser til tidlegare merknad om at byggjeforbodssone for 300 kV-linen gjennom Sveio bør vera 20 m. på kvar side av ytterfasene.

Kommentar frå kommunen

Det er lagd inn 20 m. buffer på kvar sida av kraftline i plankartet i samsvar med merknaden.

Forsvarsbygg, 24.08.2011

Forsvarsbygg viser til tidlegare merknad og at kommunen har lagd inn arealet på Tittelsnes med føremål Forsvaret og ikkje som offentleg føremål, slik som ønskja. Elles har ein ikkje merknadar til forslaget.

Fiskeridirektoratet, 25.08.2011

Ein viser til at det står i føresegnene punkt 6.1.9 at fiskje ikkje må vere til hinder for allmenn ferdsle og at det visast til pbl § 11-11, nr. 6. Ein meiner at det er uklart kva kommunen meiner.

Kommentar frå kommunen:

Føresegna er endra og visast no i punkt 6.1.8. Føresegn lyder slik:

I fiskeområde (Kast/Låsetjinn Gyte/Oppvekstområde/Trålfelt) går fiske framfor annan bruk av området. Fiske skal såleis ikkje vike for andre fartøy enn dei som det er unntak for i sjøvegsreglane, (jf. pbl. §11-11, nr. 6).

Statens vegvesen, 25.08.2011

Statens vegvesen har enno nokre merknadar og råd til kommunen når det gjeld kommuneplanarbeidet. Det gjeld

- oppmoding om å leggja til rette for planlegging for demping av bilbruken og auke i talet reiser med kollektiv, sykkel og gange.
- nye vegtraséar bør først skildrast som føresegner og berre visast i plankartet der det er sannsynleg at vegen vil verta plassert.
- Fv 47 bør vise gjennomgåande g/s-veg frå kommunegrensa i sør til Sveio sentrum.
- rammeplan for avkøyrsløse og kommunen si trafikkisikringsplan bør visast i kommuneplanen sine føresegner.
- omsynssoner for støy må innarbeidast i plankartet.

Kommentar frå kommunen:

- Sveio kommune jobbar aktivt med å leggja til rette for utbygging som medfører minst mogleg bilbruk i Valevågområdet, i Sveio sentrum og på Ekrene, gjennom å opna for fortetting av bustadutbygging, så nær arbeidsplassane som mogleg.
- Når det gjeld nye vegtraséar har ein fått avklara med justis- og forvaltningsavdelinga hjå fylkesmannen at vegstrekningar ikkje er juridisk bindande i kommuneplanen før strekninga inngår i reguleringsplan. Gjennom å vise desse traséar i kommuneplanen vil ein vise framtidsvisjonen om utbygging og utviklinga i kommunen.
- Utbygging av g/s-veg frå kommunegrensa til Sveio sentrum vil ikkje skje dei nærmaste 4 åra og kan såleis vurderast i neste kommuneplanrevisjon.
- Det visast til Råmeplan for avkøyrslar i punkt 2.2.10 i føresegnene til planen.
- Det er avklara med Fylkesmannen korleis ein skal vise støysonekart i kommuneplankartet og det vart vist til at denne kan liggja som vedlegg til plankartet for å unngå for rotete og uleseleg kommuneplankart.

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, 26.08.2011

Det visast til tidlegare merknadar og motsegn til automatisk freda kulturminner i kommuneplanarbeidet og at ein opprettheld dei 3 motsegn som gjeld desse minner dersom dei ikkje vert retta opp i. Det gjeld at alle automatisk freda kulturminner skal visast med rune-R i plankartet og ha 5 m. sikringssone, at delar av byggjeområde B-12 på Økland er i konflikt med automatisk freda kulturminne og at næringsareal og hamn på Tjernagel, N_6 og HAMN_2 må ha føresegner som viser til at automatisk freda kulturminner skal sikrast med omsynssone i reguleringsplanarbeidet.

Kommentar frå kommunen:

Desse forholda er retta opp i, i kommuneplankartet, og fylkeskommunen trekkjer formelt motsegna.

Private

Jarle Møllerhaug, 26.05.2011 og 21.07.2011

Møllerhaug har etter at Fylkesmannen i Hordaland kom med motsegn til småbåthamn i Svinavika kome med nokre forslag til endringar. Siste forslag viser avgrensing bort frå område inst i Svinavika mot allereie utbygd område i vest. Avgrensinga viser at areal på land er minska.

Kommentar frå kommunen:

Fylkesmannen var likevel ikkje nøgd med avgrensinga og difor vart det etter drøfting med Fylkesmannen Lars Sponheim 30.08.2011 avklara at grensa skal flyttast endå nærmare eksisterande naustområde enn det som visast i forslag som vart lagd ut til høyring andre gong.

Jan Peter Aadalsbakke, 05.08.2011

Aadalsbakke kjem med førespurnad om kvifor ein ikkje i kommuneplanarbeidet har teke med dei forslag til utbyggingsområder som visast i Kystsoneplanen for Sveio og ber om forklaring på grunngjeving til at ein ikkje har teke med slike områder

Kommentar frå kommunen:

Under planprosessen med kommuneplanen har lovverket endra seg. Plan- og bygningslova vart endra i juli 2009, midt i kommuneplanarbeidet, og medførte ei sterk innskjerping i

strandsonevernet. På bakgrunn av denne innskjerping i byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen, i samband med kommunale retningslinjer som kommuneplanen er utarbeida etter og etter planprogrammet til kommuneplanen vart ikkje områder som ligg til sjø lagt ut som byggeområde for bustader eller fritidsbustader. Det er heller ikkje opna for nye byggeområder for naust der det i dag ikkje allereie ligg utbygde naustområder med potensiale for fortetting (ikkje utviding).

Sigmund Reiersen, 18.08.2011

Reiersen viser til tidlegare lovnader og avslag på bygging av naust på gnr. 72 bnr. 1 heilt sør i Sveio. Han ber om grunngjeving til kvifor ikkje dette område er teke med i kommuneplanforslaget.

Kommentar frå kommunen:

Saka har i planprosessen vore til særskild vurdering hjå den politiske styringsgruppa for kommuneplanarbeidet. Med bakgrunn i dei retningslinjer som kommuneplanen er utarbeida etter og etter ny plan- og bygningslov har ein kome til den konklusjonen at området ikkje skulle vera med som naustområde i kommuneplanen. Området er relativt urørt og ligg inntil landbruksareal.

Øystein Våge 28.08.2011

Våge viser til at det på gnr. 72 bnr. 8 er naustrett og at det tidlegare har vore naust på eigedomen. Våge er ueinig i at området skal liggja som LNF.

Kommentar frå kommunen:

Det ligg mange naustrettar i kommunen som ikkje er opna for bygging av naust. Det vert ikkje i denne kommuneplanperiode lagt ut nokre nye naustområde som medfører at nye urørte områder vert teke i bruk.

ENDRINGAR I PLANEN ETTER ANDREGONGSHØYRING

Fylkesmannen valte å ikkje koma med uttale før tidsfristen vart gått ut på bakgrunn av at kommunen sjølv hadde bedt om møte for å avklare nokre forhold. Den 30.08.2011 vart det halde møte med to representantar frå kommunal- og samfunnsplanavdelinga saman med Fylkesmann Lars Sponheim, kommunen si ordførar Jorunn Skåden, rådmann Mikal Møller Hovda og planleggjar Åse Aleheim. Fylkesmannen i Hordaland hadde i møtet kommentarar til at kommunen ikkje har følgd opp krava om omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanlegginga, særskilt når det gjeld konsekvensutgreiinga av nye byggeområder. Det vart ikkje fremja motsegn i saka men kommunen har likevel valt å leggja inn eit nytt stykke om krava i Naturmangfaldlova i kapittel 3.1 i konsekvensutgreiinga for å vise til at saka er vurdert i samsvar med lova.

Etter møte opprettheld Fylkesmannen motsegn som går på vindkraftområde E_1 på Hovda grunna førekomst av hubro, plassering av småbåthamn i Svinavika og storleik på naust i føresegnene. Vindkraftområde vart i møte teke ut av planforslaget. Plassering av småbåthamna i Svinavika vert flytta lenger vest mot eksisterande byggeområde for naust for å sikra urørd natur. Areal på land vert avgrensa til tilkomstveg til småbåthamna. Storleik på naust er endra i samsvar med strandsonerettleiaren, som viser at naust får vera opp til 40 m² i BYA og 5 m. i mønehøgde. Ved vurdering av tiltak når det gjeld arealbehov og utnyttingsgrad i byggeområde vil ein likevel taka omsyn til behov, karakter, byggeskikk og estetikk på staden, slik at bygningar kan tilpassast omgjevnadane.

Vurdering:

Kommuneplanarbeidet har vore føremål for omfattande vurdering og utgreiing og ein har kome fram til eit forslag som imøtekjem det meste av dei behov som er vurderte naudsynte for fortsett utvikling i kommunen i denne planperioden. Det gjeld i hovudsak tiltak som opnar for auka aktivitet i kommunen som etablering av fleire byggeområder for bustader, næringsverksemd og offentleg aktivitet. Utbygging av fritidsbustader har vore underordna i denne planprosessen, mykje på bakgrunn av at det i gjeldande kommuneplan for Sveio 2003 – 2015 var lagd til rette for stor utbygging av fritidsbustader. Desse byggeområder vert vidareført i ny kommuneplan og her ligg det fortsett areal for vidare utbygging.

Når det gjeld tiltak i strandsona som naustområder, næringsareal, byggeområde for heilårsbustader og fritidsbustader, småbåthamn, areal for rorbuer m.v. har det innskjerpa strandsonevernet avgrensa tiltak ein tidlegare har vurdert som utbyggingsområder i kommunen. Kystsoneplanen for Sveio var ein temaplanen som skulle vise kor ein såg for seg vidare utvikling i strandsona, men den vart så godt som forkasta då nytt lovverk trådde i kraft. Likevel har ein brukt seg av Kystsoneplanen i kommuneplanarbeidet då ein har vurdert strandsona i kommunen og ein har lagd inn nye tiltak som lova opnar for. Mellom anna har nokre tenkte naustområder vorte omgjorde til småbåthamnar slik at ein kan leggja til rette for båt plassar og innbyggjarane i kommunen kan få tilgong til sjøen.

Avsluttinga av planprosessen har vore føremål for diskusjon om korleis ein skal handtera motsegn som har kome inn. Kommunen kan ikkje eigengodkjenna ein kommuneplan der det ligg føre ein motsegn, og difor har ein gått i dialog med så vel Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Resultatet er at planen har vore justert i samsvar med nokre merknadar/motsegn og i andre tilfeller har kommunen klart og koma med gode argumenter som gjort at motsegna vert trekte.

No ligg det føre eit forslag til kommuneplan for Sveio kommune som kan leggjast fram for godkjenning. Rådmannen rår til at kommuneplanforslaget som omfattar samfunnsdel og arealdel med planskildring, plankart, føresegner og konsekvensutgreiing vert godkjent.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommuneplan for Sveio 2011 – 2023 med samfunnsdel og arealdel. Planen omfattar heile kommunen.
2. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 11-15

19.09.2011 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING

Dei siste endringane for å få trekt Fylkesmannen i Hordaland si motsegn blei delt ut i møtet. Dette gjeld pkt. 3.6.13 og 3.6.17 i føresegnene. Desse endringane blir tekne med i reviderte føresegner som saman med resten av planen blir lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

HTN-055/11 – TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Samrøystes som framlagt av rådmannen me dei endringane i føresegnene som er nemnt ovanfor.

03.10.2011 KOMMUNESTYRET

Mange tok ordet i saka.

Framlegg frå Andreas Bårtvedt: Kommuneplan for Sveio kommune 2011 – 2023 blir utsatt til nytt kommunestyremøte er konstituert.

Votering: 16 røysta mot framlegget, 8 røysta for.

Votering: Tilrådinga frå Hovudutval Teknisk Næring blei vedtatt med 21 røyster. 3 røysta mot.

KOM-068/11 VEDTAK:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommuneplan for Sveio 2011 – 2023 med samfunnsdel og arealdel. Planen omfattar heile kommunen.
2. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 11-15